# Per spelmann

Traditional: Norway




:/: Per spelmann han spela, og fela ho let, :/:
:/: så gutane dansa, og jentene gret :/:
*Du gamle, gode fiolin,*
*du fiolin, du fela mi!*

:/: Per spelmann han spela, og fela var god, :/:
:/: så gutane dansa, og jentene lo. :/:
*Du gamle, gode fiolin,*
*du fiolin, du fela mi!*

:/: Og om eg vart gamal som stein under bru, :/:
:/: så aldri eg byter bort fela for ku. :/:
*Du gamle, gode fiolin,*
*du fiolin, du fela mi!*

:/: Og om eg vart gamal som mose på tre, :/:
:/: så aldri eg byter bort fela for fe. :/:
*Du gamle, gode fiolin,*
*du fiolin, du fela mi!*

:/: Og om eg vart gamal som skorpa på graut,
:/: så aldri eg byter bort fela for naut. :/:
*Du gamle, gode fiolin,*
*du fiolin, du fela mi!*